



## ÅRSMELDING 2018 FOR EID SOKNERÅD

### **Soknerådet:**

Leiar: Berit Heien Heggen ; Nestleiar: Øystein Aasebø, Kasserar: Anita Sørland Aase ;  
Sekretær: Sigrunn Heggen Leivdal ; Faste medl: Kari Standal Pavelich, Dag Inge  
Dæmring, Kristine Hansen, Ulf-Inge Kjerpeseth, Ragnhild Henden og Gyri Tolaas.  
Vara: 1. Marita Røyset ; 2. Inger Mette Sefland ; 3. Tormod Isene ; 4. Rune Arve Hessevik

### **Arbeidet i soknerådet.**

Eid sokneråd har hatt 8 møte og handsama 59 saker i 2018. Soknerådet er eit folkevald og lovheimla organ som har både praktiske og strategiske funksjonar i soknet. 2 av møta har vi hatt ein felles del i lag med Stårheim sokneråd, i samband med innstilling av søkjarar til soknepreststilling.

### **Årsmøte og Soknemøte søndag 18. mars 2017.**

Forrige årsmøte fann stad på Eid kyrkjetun 18. mars etter gudstenesta. Her vart årsmelding og rekneskap for 2017 lagt fram . Årsmeldinga vart godkjent med endringar. Desse endringane er tekne med i den endelege årsmeldinga som er arkivert og også ligg ute på heimesida.

### **Ungdomsprest Kaare Michael Christoffersen slutta:**

Etter 5 år i stillinga, takka Kaare av. Han reiste tilbake til studier i Oslo for å fullføre presteutdanning. Vi takkar for innsatsen i tenesta. 19. august, etter gudstenesta, var det avskils-markering på Kyrkjetunet for han.

### **Prestar og andre medarbeidarar:**

Olav Sigurd Gundersen vikarierer som sokneprest i Eid og Stårheim.

Kontorfullmektig Marta Jenny Elvebakke har mellom anna ein stor del av ansvaret for organiseringa av trusopplæringstiltaka.

Asbjørn Eikenæs er tilsett i trusopplæringa i 20 % stilling

Soknepreststillinga har vore utlyst fleire gongar dette året. Soknerådsleiar har vore i Bergen på 2 intervju, i mars og september. I september var det også intervju på søkjar til ungdomspreststilling her på Eid. Det lukkast ikkje å få tilsett nokon. Stillingane er utlyst på nytt.

### **Gudstenester:**

Det har vore 78 (71) gudstenester i 2018. Statistikken fortel om 7083 (6951) besøkande og 1033 (1193) nattverdsgjester. (tal frå 2017 i parentes)

Dette året har det ikkje vore arrangert søndagsskule under preika.

Vi hadde 4 konfirmasjonsgudstenester i Eid kyrkje og ei i Heggjabygda kyrkje i 2018. Om sommaren har vi også hatt sater-, friluft- og tungudstenester.

### **Konfirmantarbeidet**

I Eid sokn hadde vi 51 konfirmantar våren 2018. Ungdomsprest Kaare Michael Christoffersen og vikarierende sokneprest Olav Sigurd Gundersen hadde ansvar for konfirmantarbeidet. Medlemmer i soknerådet og foreldre til fjoråret sine konfirmantar i tillegg til fleire, stiller opp og hjelper til på konfirmantfesten, konfirmant-helger og på sjølve konfirmasjonsdagen. Hausten 2018 starta 63 ungdomar

undervisninga fram til konfirmasjon våren 2019. Vikarierande sokneprest Olav Sigurd Gundersen og Beate F Osdal har hatt ansvaret for undervisninga hausten 2018.

### **Trusopplæring**

Vi har ein godkjent trusopplæringsplan, men den skal fortløpande reviderast. Det har vore 2 møter i trusopplæringsnemda i 2018.

Det er Babysong kvar tysdag føremiddag på kyrkjetunet. Det er godt besøkt. Asbjørn Eikenæs har hatt ansvar for Babysong, i lag med gode hjelparar.

Kyrkja i Eid har eit tilbod eller arrangement til nesten alle årsklassar barn og unge, opp til 18 år. Sjølv om bemanninga har vore lav, har personale klart å gjennomføre nesten alle arrangementa som var oppsett. Takk til frivillige som stilte opp og hjalp til.

**HalloVenn:** Dette er eit stort arrangement. Det er eit samarbeid mellom alle sokneråda i kommunen. Og det skal vere eit arrangement som økonomisk skal bere seg sjølv. Det er stor deltaking, ein reknar med 1000-1100 personar innom i løpet av dei få timane. Mange frivillige stiller opp som hjelparar på ulike aktivitetar for at dette skal la seg gjennomføre.

**Nattkafeen:** Ungdomsprest Kaare Michael Christoffersen arrangerte mange fredagar med nattkafe i 2018. Det er blitt fleire vaksne som engasjerer seg som vakter. Dette er eit godt tiltak for ungdom og bra besøkt. I gjennomsnitt har det vore mellom 30 og 60 ungdomar pr kveld. I haust har Jakob Haavik hatt hovudansvar for Nattkafeen.

**Kor:** Kantor arbeider for at ein skal få meir song under gudstenestene. **Koret** har øving på torsdagar. På ein del gudstenester har det vore med kvartettar eller songgrupper.

**Andakter** på Hogatunet og Fossevegen bufellesskap kvar onsdag. Dette ligg under soknepresten sitt ansvar. Ralph Cupper og vikarierande sokneprest Gundersen med fleire, har delt på denne oppgåva.

**Musikkutvalet** har ikkje arrangert konsertar i løpet av dette året.

### **Grøn Kyrkjelyd**

Eid sokneråd har avtale på å vere ein Grøn Kyrkjelyd. Det inneber m.a. å vere bevisst på korleis ein påverkar miljøet i arbeidet ein gjer.

**Ungdomsgudtenester:** Det var arrangert 5 ungdomsgudtenester våren 2018. Etter at ungdomspresten slutta, har det vore 2 slike gudtenester.

### **Helgefred**

Kyrkjebladet kom ut i ei utgåve i 2018, rett før påske. Sigrunn Heggen Leivdal tok hovudansvaret for å lage bladet, og det resulterte i ei fin og innhaldsrik utgåve som fekk god tilbakemelding.

Ein hadde også tenkt ei utgåve før jul, men det kom ikkje inn nok stoff til at det kunne forsvarast å gje ut. Fleire må ta ansvar for at bladet skal bli gitt ut. Helgefred er basert på frivillig betaling og er heilt avhengig av auke i den, for å kunne halde fram.

### **Gjevarteneste**

Gåvene til arbeid i soknet utgjorde i 2018 kr 104.208,-. Av dette kvalifiserer kr. 66.982,- til skattefrådrag for gjevarane. Dei største gåvene er i 2018 gjevne til: Helgefred og Eid Kyrkjetun. Utan desse enkeltgåvene til kyrkjelege tiltak frå lokalbefolkninga, lokale organisasjonar og lokale bedrifter, ville vi ikkje hatt høve til å drive eit så omfattande arbeid som vi gjer.

### **Takkoffer i kyrkjene**

I 2018 kom det inn kr 166.338,- gjennom offer i kyrkjene i Eid og Heggjabygda. Dette er det same som i 2017 (kr. 166.213,-)! Det mogleg å bruke VIPPS for å gje takkoffer.. Totalt er det komt inn 5765,- kr på VIPPS i 2018. Misjonsprosjektet vårt, i Okhaldunga, Nepal, har fått 2 takkoffer dette året.

### **Seljumannamesse og 950 årsjubileum for Bjørgvin bispedømme. 8.juli**

Flott arrangement i Selje og på Selja, som representantar får kyrkjekontoret i Eid også var med og arrangerte. Det var sett opp buss-skyss til Selje denne søndagen.. Nokre nytta seg av dette tilbodet som var eit samarbeid med Stryn.

### **Innbyggjartreff i Operahuset**

Kyrkja i Eid hadde stand under innbyggjartreffet. Det var mykje positiv merksemd rundt denne. Og takk til tilsette på Kyrkjekontoret som organiserte dette.

### **Frivillige i teneste**

Takk til alle som har stilt opp og lagar til kyrkjekaffi, er medliturgar eller kyrkjevartar under gudstenestene i kyrkjene våre. Dette er også viktige oppgåver i kyrkjelydsarbeidet.

Berit Heien Heggen  
-soknerådsleiar-